

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
089/23	Heradsstyret	PS	19.10.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	23/2490

## KS Vestland - val av representantar og vararepresentantar for perioden 2023-2027

### Vedlegg:

Valg til KS  
KS vedtekter pr 25052023  
Skjema delegatar KS Vestland  
Informasjon til kommunar i Vestland om val til KS  
**Kommunedirektøren gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker**

### Heradsstyret - 089/23

#### HS - behandling:

Detaljert avrøysting i saka kjem fram av voteringsprotokollen som ligg vedlagt nedst i den samla møteboka.

Det vert sett fram krav om høvetalsval frå Sebastian Andre Haugland, H. Val av medlemmer til utvalet vert difor gjennomført som eit høvetallsval etter kommunelova §7-5 og §7-6:

Høgre og Venstre sin liste fekk 13 røyster.

SP, AP, SV og KRF sin liste fekk 14 røyster.

#### HS - vedtak:

##### For SP, AP, SV og KRF:

Fast representant: Lars Fjeldstad (SP)

Vara 1: Alexander Thunestvedt (AP)

Vara 2: Turid Njåstad (SP)

Vara 3: Ann Kristin Borge (AP)

Vara 4: Jarle Skeidsvoll (KRF)

Vara 5: Gerd Karin Njåstad (SP)

##### For Høgre og Venstre:

Fast representant: Sebastian Andre Haugland (H)

Vara 1: Renathe Tangen (V)

Vara 2: Roald Martinsen (H)

Vara 3: Kjersti I. Vevatne (V)

#### Saksopplysningar:

##### Saksopplysningar:

KS Vestland skal ha konstituerande fylkesmøte i Bergen 14. og 15. november. Etter folketalet har

Osterøy kommune to representantar med vara til fylkesmøtet. Det er vanleg å velja ordføraren og varaordføraren som representantar. Det kan krevjast høvestalsval. Krav til kjønnsrepresentasjon gjeld.

KS er ein medlemsorganisasjon for kommunar og fylkeskommunar der føremålet er:

*«KS er en arbeidsgiver-, interesse- og rådgivningsorganisasjon, som gjennom ivaretagelse av medlemmenes interesser, skal arbeide for en effektiv og selvstendig kommunesektor som ivaretar innbyggernes behov.»*

Det bør veljast like mange vararepresentantar som representantar + 2 ekstra (for kvart parti/gruppering).

Av omsyn til fylkesmøtet 14. og 15. November må representantane veljast i det konstituerande møtet.

### **Vurdering**

Kommunedirektøren har ikkje merknader til saka

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for heradsstyret for val av representantar med vara.